

| Tur nr. | Turmål | Utgangspunkt | Litt om turen | Kartblad | Klyppefelt |
|---------|---------------------------------|---|---|---|------------|
| 1 | BJØNNASTULEN | * Skautlii i Bråtå bakside | Kjør mot Bråtå. Etter ca 8 km, kjør ned til venstre og over brua ved Sygard og 1 km fram til fjellgeitskilt ved Skautlii. Gå fire svingar og 1 km etter skogsvegen, deretter vidare på stig fram til Bjønnastulen. Lett tur. 1,3 km. | 1518 IV POLLFOSS | |
| 2 | STYGGEVERSKVILA | * Dammen aust på Aursjoen | Følg stigen mot Leirungsvatnet. Etter at du er omtrent halvvegs mot Leirungsvatnet kjem du til ein liten haug der fjellgeitposten står. Her var det tidlegare vanleg å kvile i le for vinden på tur til jakt og fising. Lett fjellterreng. Fin å kombinere med tur nr 10 Horrungen, evt med teltovernatting. | 1518 I SKJÅK 32V 0468416 UTM 6869982 | |
| 3 | ÅSMYRENE | * Åssetrene | Kjør til Billingen seter og sving til venstre mot Åssetrene. Kjør over brua og ta andre avkjøring til venstre (fjellgeitskilt). Parkering ca 100 meter etter skiltet. Stigen går opp austafør seterveene og opp gjennom ei glenne. Posten er plassert ved austenden av tjernet. Ca 1 km. Lett tur og fin stig. Posten ligg i Honnsrøve naturreservat. Spesielt for området er ulvelaven (gulmose) som er freda. Fint å gå vidare til Rognebekktjerna for å fiske. | 1518 IV POLLFOSS | |
| 4 | TVERRFJELLET | * Lundadalsvegen | Kjør Lundadalsvegen, forbi bommen til fjellgeitskilt i siste sving før gruva. Parker her. Følg ny skogsveg til skilt opp til Tverrfjellet. Bratt, men merka stig heile vegen. Ca 1 km. Flott utsikt! | 1518 I SKJÅK 32V 0461306 UTM 6858814 | |
| 5 | BJØNNASKRIU | * Buss-skuret ved Uppnose | Følg merka elgfangstanlegg som startar ved buss-skuret. Når du kjem til nytt fjellgeitskilt går du opp til venstre. Etter 800 meter, går du vestover på skogsbilvegen. Etter 400 meter på skogsbilvegen går du vegen opp til venstre. Posten ligg ved ein gamal steinmur. Lett tur. Flott utsikt over Øybergsura. | 1518 IV POLLFOSS 32V 0448838 UTM 6865872 | |
| 6 | RUNDHAUGEN PÅ SKJELLFLYA | * Skotåe i Tundradalen | Kjør 7 km etter Tundradalsvegen (bomveg) til fjellgeitskilt før brua over Skotåe. Fin stig opp ved Skotåe. Bratt, men ikkje luftig. Følg stigen opp til Skjellflye og gå mot Rundhaugen. Rundhaugen er godt synleg. Posten er plassert på toppen. | 1518 IV POLLFOSS | |
| 7 | SKEIDSHOLET | * Gamleheimstrædet | Gå nederste veg i byggefelt til fjellgeitskilt. Følg skilting. Turen er ca 3 km. Litt bratt enkelte plasser. Fin trollskog i Skeidsholet. Sjå etter Lapprosa som er kommuneblomen i Skjåk. Turen er fin å kombinere med tur til Bispperget (ca 800 meter frå Skeidsholet). Her er det flott utsikt over heile bygda. | 1518 I SKJÅK | |
| 8 | HAMSERUNDA | * I Hamsevika ved brua over Hamsa på gamlevegen | Turen går gjennom Breidablikk hyttefelt og over ny bru (Hamsebrua) mellom 1. og 2. Hamsevatnet. Følg skilting. Posten er plassert ved brua. Ca 6 km. Lett terreng. Fint å fiske. | 1319 III TAFJORD 32V 0422928 UTM 6880666 | |
| 9 | TORSVATNET | * Øvste setra på Billingen | Kjør opp til dei øvste setrene på Billingen. Merka DNT-stig innover Tordalen. Posten blir plassert ved osen på Torsvatnet. Overnattingsmoglegheiter i DNT-hytte og Jeger- og fiskhytte ved Torsvatnet og i Almenningshytte (Tverråhytta) i Tordalen. Lett terreng til Tverråhytta, bratt i starten opp frå Tverråhytta opp mot Torsvatnet. Hugs nøkkel. Fint å fiske. | 1319 II TORSVATNET 32V 0439735 UTM 6887263 | |
| 10 | HORRUNGEN | * Dammen aust på Aursjoen | Ingen merka stig, men posten er plassert på høgaste toppen (1.832 moh). Turen kan leggest både på sørsida (om Snog Gjel) eller nordsida (evt i kombinasjon med tur nr 2 Styggeverskvila). Flott utsikt! Horrungen er eit markant fjell i Skjåk. | 1518 I SKJÅK 32V 0470403 UTM 6867255 | |

Namn: _____ Adr: _____ Fødselsår: _____
T-skjorte str: 2-3 år _____ 4-6 år _____ 8-10 år _____ 12-14 år _____ S _____ M _____ L _____ XL _____